
Saksnr: 2019/11-69
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda		03.03.2021
Fylkestinget		09.03.2021

Val av ny vara til stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget gjer slikt val av ny varamedlem til styre i stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum:

.....

Samandrag

Ove Sverre Bjørdal er vald inn som varamedlem i styre i stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum. Bjørdal har gjort administrasjonen merksam på habilitetskonfliktar knytt til dette vervet då hans sivile arbeidsgjevar, Deloitte AS, er revisor for stiftinga. Fylkesrådmannen legg med dette til rette for val av ny varamedlem til stiftinga.

Rune Haugsdal
fylkesrådmannIngrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget valde i mars 2020 Ove Sverre Bjørdal som varamedlem til styret i stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum.

Bjørdal har opplyst at hans sivile arbeidsgjevar, Deloitte AS, er revisor for stiftinga. Bjørdal viser til at det i beste fall gjer han inhabil ved handsaming av årsrekneskapen. Bjørdal skriv vidare at han ved å møte på styremøte, i verste fall gjer Deloitte AS inhabil til å revidere stiftinga. Bjørdal opplyser om at han ikkje var merksam på konflikten før han vart kalla inn til eit styremøte.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar, institusjonar o.l., jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.6.

Vurderingar og verknader

Bjørdal har grunngjeve sitt ønske om å si frå seg verv som varamedlem i stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum med konkrete habilitetskonfliktar, både som møtande varamedlem i stiftinga sitt styremøte og som tilsett i eit aksjeselskap som reviderer stiftinga.

Det ligg ikkje til fylkesrådmannen å vurdere nemnde habilitetskonfliktar. Habilitet er regulert i høvesvis stiftelsesloven og aksjeloven, og ligg til respektive styre å handtere. Det ligg òg til styret i stiftinga å formelt take stilling til uttreden og eventuelt val av ny varamedlem.

Fylkesrådmannen legg med denne saka til rette for val av ny varamedlem til stiftinga.

Konklusjon

Fylkestinget gjer val av ny varamedlem til stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum.